

Aleksander Hjelmtveit

Seimsleitet 39

5912 Seim

Fylkesmannen i Vestland

v/ Silje Lyhammer

Knarvik, 26.02.2019

### **Søknad om dispensasjon frå søknadsfrist produksjonstilskudd våren 2018**

Eg søker med dette om dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskudd våren 2018. Eg har drive heimegarden min gbnr 171/5 Seim sidan 2016. Då kjøpte eg 10 Gamalnorsk spelsau. Dei har beita på heimegarden og eg har slått tørrhøy til dei. I 2018 hadde eg 10 dei same 10 sauene med lam. Dei hadde ikkje lam som åringar. I tillegg hadde eg ei ammeku fram til desember 2018.

Eg var ikkje kjent med at eg kunne søkja produksjonstilskudd våren 2018. Eg vart gjort merksam på dette i løpet av sommaren og søkte om produksjonstilskudd hausten 2018. Når utbetalinga no kom så ser eg at eg vert trekt i areal- og kulturlandskapstillegget pga at eg berre har ei ammeku no på hausten som er tellande grovfôretar.

Eg har beita og stelt areala og stelt sauene mine no i fleire år utan tilskot. Eg har ikkje kjent til tilskotsordninga. Far min har drive garden før men innmarka vart vekklegd til naboar i fleire år før eg tok oppatt drifta på garden i 2016. På bakgrunn av dette bed eg om forståing for at eg ikkje søkte våren 2018 og søker som sagt med dette om dispensasjon frå søknadsfristen våren 2018.

Med helsing

Aleksander Hjelmtveit

